

Retningslinjer for regionale kulturmidlar i Hardanger

1. Tiltaket REGIONALE KULTURMIDLAR I HARDANGER er oppretta av Hardangerrådet for å stimulera til kulturutvikling i Hardanger. Midlane skal avsettas på eigen konto med kr.100.000,- i året og finansierast med direkte tilskot frå kvar kommune etter den delingsmodellen som Hardangerrådet fastset.
 - a) Tilskot frå kommunane skal index-regulerast.
2. MIDLANE SKAL LYSAST UT OG VEDTAK OM BRUKEN ER DELEGERT TIL HARDANGER KULTURRÅD.
3. NYE TILTAK OG PROSJEKTUTVIKLING SKAL PRIORITERAST.
Det skal leggast vekt på at tiltaka fremjar regionalt samhald og samhandling og såleis styrker Hardangerkjensla. Det skal også leggast vekt på at tiltaka også fremjar næringsutvikling. Tilskot vert utbetalt etter nærmare avtale når prosjektet er igangsatt, utført eller er fullfinansiert. Tilskotet gjeld i 12 mnd. Ein kan søkje om utsetjing. Det kan vere aktuelt med delutbetalingar. Større prosjekt må sende rekneskap.
4. Rekneskapen vert ført i den kommunen som har leiarvervet som teneste 3855 Hardanger Kulturråd.
5. Dersom tiltaket Regionale kulturmidlar i Hardanger vert avvikla skal midlane førast tilbake til kommunane etter den modell som dei er finansiert etter. Om denne er brigda skal dei tilbakeførast etter den finansieringsmodellen som gjeld for Hardangerrådet på vedtakstidspunktet.

Retningslinjene drøfta og vedtekne i Hardanger kulturråd 06.02.2004